

### Spennande høg fjellstur prega av sterke naturkrefter



Jutulhogget som nesten deler Reineskarvet i to ved Eitrestølen, er verd eit besøk ein god sommardag. I Eitrevjuvet ser ein flotte formasjonar forma av vatnet gjennom mange hundre år.

Turen startar ved Bergsjøstølen, følg DNT-merka løype derifrå og vestover mot Eitrestølen, ca. 6 km. Medan du går langs Øvre Eitretjørne må du krysse elva Eitra, noko som kan være litt krevjande om det er stor vassføring.

Ynskjer du å unngå kryssing av Eitra undervegs kan du i staden starte turen ved brua rett før Bergsjøstølen. Då går du stigen oppover på høgre sida av Eitra og går på høgre sida av Krokstjørne. Ved Mørehovda vel du stigen som går til venstre. Etter ca 1,5 km passerer du Skardtjørne og går vidare mot vest til du kjem inn på den ordinære stigen til Eitrestølen ovanfor Øvre Eitretjørne. Denne delen av turen går i høg fjellstereng med lett stigning, og kan og være ein fin rundtur.

Frå Eitrestølen fylgjer du liten stig opp langs venstre side av elva Eitra. Ved inngangen til juvet er det mange store steinblokkar og stigen kryssar ein bekk. Ved inngangen til sjølve juvet, på høgre side av Eitra, kan du sjå hola til Eivind Fredlaus.

Stigen vidare innover i juvet passerer fleire steinurer med laus grus og stein, her er stigen dårleg merka. For å koma heilt innerst i juvet må bekkene som renn i botnen kryssast fleire gonger. Dette er ikkje tilrådeleg for små ungar. Det er ikkje forsvarleg å freiste å klatre opp juvet for å koma opp på Reineskarvet.

Om du ynskjer ein kortare tur kan du køyre bil frå Leveld til Reine og vidare til Eitrestølen for å starte turen der.

**“ Ein krangel om eigedomsrett i utmarka i 1719 enda med at Eivind Gudbrandsgard knivstakk Ola Øylien så han døydde. Eivind rømde til fjells og levde som fredlaus og ettersøkt i fjella mellom Hallingdal og Indre Sogn i mange år. Han fekk hjelp av slektningar i Leveld og han fekk hjelp i Lærdal. Den fyrste vinteren budde han i ein jordkjellar på Mo i Lærdal. Seinare bygde han fleire kryppinn og små steinbuer som vi kan sjå restar etter, mellom anna i Eivindbotn inne i lungsdalen. I 1737 vart han funnen død i Toviken. Etter segna vart han skoten av ein lærdøl ”**



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000.



Følg fylkesveg 244, gjennom Vats og vidare opp til Bergsjøstølen. Alternativt køyr frå Leveld og til Eitrestølen.



Ei av holene til Eivind Fredlaus. Jettegryte.



Parkering ved Bergsjøstølen. Alternativt parkere ved Eitrestølen, betalingsbom.



Fin stig, men merk at du må krysse elva fleire gonger. Inni juvet er det ikkje så egna for små ungar. Delvis merka, bruk kart.



Ca 15 km t/r i høg fjellstereng frå Bergsjøstølen. Ca 5,5 timar. 1090-1500 moh.

